

## Dyrking og planering på Myklebust

01.09.2017



Musland Maskin har arbeidet med å planera og leggja ut Brattareino på bruk 9 på Myklebust.

**På Myklebust føregår det for tida eit dyrkings- og planeringsarbeid, og vi legg merke til dei store haugane med fin matjord på nedsida av vegen mot elva. Dette er eit arbeid som har vore planlagt lenge. Brødr. Musland Maskin har hatt tipplass for massar der, og det er dei som jo gjer jobben og planerer ut området.**



[Mykje god matjord.](#)

Reina som var der, var vanskeleg å utnytta som godt jordbruksland, og det var bakgrunnen for at det for ein del år sidan vart søkt om å få ha tipplass der, fortel grunneigar Olav Hjetland Bringedal. Planen har heile tida vore å flata det ut for å få betre utnytting av arealet. Såleis kan vi seia at Brødr. Musland no ryddar opp etter tipplassen.

Dei store haugane fortel om mykje fin jord, og Hjetland Bringedal fortel at det er djup og god matjord på Myklebust-garden etter mange, mange år med gardsdrift. Rundt 3 meter djupt med matjord er vanleg der.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal og Thor Inge Døssland